



Landbruk

Alver kommune  
Avdeling Miljø og tilsyn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/8138 - 20/18983

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammer

kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:

15.04.2020

## Uttale til klage på søknad om deling på gbnr 24/3 Fammestad

Avdeling for miljø og tilsyn bed om uttale i klagesak på gbnr 24/3 Fammestad. Det vert søkt om frådelling av bustadtomt, men Alver kommune har gjeve avslag på søknaden. Det er no kome inn klage i saka. Ein kan ikkje sjå at søknad har vore handsama etter jordlova.

I dette skrivet vert det berre gjeve ein uttale frå landbruksavdelinga i saka.

Generelt så ser landbruksavdelinga positivt på mindre bygdebustadfelt utanfor samanhengande innmarksområder. Det dempar byggepresset på dyrka mark.

I denne saka grensar omsøkt tomt inntil to eksisterande tomtar og punkterer såleis ikkje urørt landskap. Vidare ligg tomten i god avstand til dei samanhengande innmarksområda på Fammestad. Så ei eventuell deling vil ikkje påføre landbruket i området drifts- eller miljømessige ulemper.

Landbruksavdelinga har såleis ingen invendingar til den omsøkte delinga på gbnr 24/3 Fammestad.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Alver kommune